



Årets Solfjelløp gjekk i regn og vind.

...slik kan ein vel beskriva dagens tur til Solfjell.

Medan Ola Matti stod tørrskodd i fyrste sving for å få med seg starten av årets Solfjelløp, streva ein våt og kald utskremd medarbeidar seg fram dei siste metrane til toppen av Solfjell. For som Ola Matti skreiv i sitt innlegg så var ikkje arrangørane heilt heldige med veret i dag. Likevel trossa mange veret og tok ut med godt mot opp skogsvegen til Storhaug. Når ein kom opp dit blei ein tatt i mot av Bjarte Døssland og Bjørn Olav Tveit som betjente saftstasjonen.



Ann Irene Sæle, Geir og Oliver Enes var glad for å ha nådd saftstasjonen til Bjarte Døssland og Bjørn Olav Tveit på Storhaug

Her møtte vi og Oliver Enes og pappen Geir Enes. I likheit med underteikna var Oliver litt lei av å gå på skogsveg og såg fram til å fortsetja turen på sti. Men ulikt underteikna såg Oliver heilt uberørt ut av turen opp skogsvegen. Det gjorde han forresten og då vi møtte han igjen siste bakken opp mot Solfjell - igjen heilt ulikt underteikna... Då vi byrja å klatra opp mot Solfjell byrja dei som hadde nådd toppen før oss allereie å komma ned igjen. Kvifor skjønna vi då vi nådde toppen - det bles og regna rett og slett så mykje at ein ikkje eingong kunne setja seg ned å eta nista. Vi sakna ein lavo på toppen i dag der ein kunne gå inn å eta nista si og byta til tørre klede. Dei aller fleste vi møtte på turen i dag hadde bytekledde med i sekken og eg vil tru dei aller fleste fekk bruk for dei. Hadde ein hatt ein plass å sete i ly hadde nok og fleire sete igjen på toppen og tatt i mot løparane når dei nådde mål.

Vi løyste nisteproblemet med å gå litt tilbake for så å setja oss i ein liten bakke - den einaste plassen kor vi fann litt ly for vinden i dag. Og der sat vi då løparane kom springande ein etter ein.



Fyrste kvinnelegeløpar på Solfjell, Margun Eik

Det var fleire familiar som stilte med fleire familiemedlemmer på startstreken i dag. Jan Sæle stilte f.eks både med sonen Kjetil, dottera Elisabeth og svigeson Lars Håkon! I tillegg stod systera Ann Irene på toppen og tok bølgen med undertekna då han sprang forbi.

Og så var turen over - det var berre til å returnera til start. Og kva gjorde det om veret ikkje spela på lag med oss i dag - alt vi såg under heftene og huene rundt oss på turen var nokre store smil både hos store og små - og det må vel tyda på at alle hadde ein vellukka tur, tross alt?

Tekst/foto: Anita Enæs



Jan Magnar Sæle stilte på start i lag med både søn, datter og svigerson i dag.